



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE
NR. 2, 63. ÅRGANG, 2024



Konfirmantar 2024

Foran frå venstre: Nikolai Underdal Breiseth, Sigmund Brendstuen-Rudi, Benjamin Patrick Fjellheim Ortega, Anne Cecilie Mathisen, Mathea Emmeli Dongxue Rudi, Amund Helle-Larsen, Steffen Gjøl gali Skoglund, Ingrid Sunnvoll Melbye, Emma Hovi, Oliver Nilsen, Janinicken Høy me, Aurora Müller,

2. rad frå venstre: Eli Vatn, Isak Børselien, Tiril Bakke Vestheim, Mali Voldhaug Roland, Stine Marie Hillestad Sollie, Sigurd Berge Aastveit, Andreas Kristoffer Garvik, Håvard Bie Pettersen, Oskar Hoffmann, Tiago Diego Renaers, Kåre Dahlen Myhre, Sigurd Jørstad Ringli, Vemund Berger Myreng, Maria Margrete Sueasa-Johansen, Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum.

3. rad frå venstre: Øystein Voldhaug Roland, Mathias Høy me, Andreas Myrvang, Even Bustebakke, Eskil Robøle Presthegge, Simen Onstein Hagene, Synne Engen Andersen.

PÅ KYRKJEVEG

Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre.
 Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick, Gunvor Hegge, Marit Hegde og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / **VIPPS:** 105751
Lay-out: designsaskia.no
Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

I dette nummeret er det spesielt fokus på Rogne sokn. I neste nummer vil vi fokusere på Lidar sokn. Kom gjerne med idéar til stoff.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer:
 21. august 2024

Framsida: Konfirmantar 2024.
Foto: Fotograf Christine Stokkebryn



ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang , Bygdinvegen 1989,
 2940 Heggenes

E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

MERK NYE TELEFONNUMMER!

KYRKJEVERJE: Ove Ekerbakke	481 40 309
SOKNEPREST/FJELLPREST: Eli Vatn	991 29 976
PROST: Carl Philip Weisser	915 55 504
SEKRETER: Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARBEIDAR: Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR: Marianne Straum	901 21 647

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE Vipps: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
 Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
 Reinhaldar: Synnøve Rødningen
 Soknerådsleiar: Ole Martin Alfstad

VOLBU KYRKJE Vipps: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal
 Kyrkjetenar: Svein Hegge
 Reinhaldar: Svein Hegge
 Soknerådsleiar: Solveig Hårdnes

LIDAR KYRKJE Vipps: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
 Kyrkjetenar: Harald Melby
 Reinhaldar: Harald Melby
 Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE Vipps: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
 Kyrkjetenar: Natalie Regine Lien
 Reinhaldar: Natalie Regine Lien
 Soknerådsleiar: Wenche Melbybråten

SOKNEPRESTEN HAR ORDET



Kva vil vi med kyrkja?

KYRKJEDEMOKRATI PÅ GRUNN- OG TOPPLAN.

På slutten av arbeidskarriera mi har eg fått høve til å sitje i kyrkja sitt «storting», Kyrkjemøtet. Det gjekk av stabelen i Trondheim 10.-14. april i år. Kyrkjedemokrati er ikkje noko nytt. Før skilje mellom stat og kyrkje tok Stortinget seg av denne styringa på topplan, på same måten som det styrte skule- og helsevesen. No er det etablert eit eige styringsorgan, Kyrkjemøtet, med si «regjering», kyrkjerådet, og sin «statsminister», kyrkjerådsleiar, som no heiter Harald Hegstad. Så veit de det.

Det var ei interessant erfaring å sitje på møte saman med ca 120 valde representantar frå heile landet. Eg fekk lære meg å stemme digitalt og mykje om møtekultur på dette nivået. Nokre spanande saker var og oppe, saker som tidlegare Kyrkjemøte hadde arbeidd med. Ny overordna plan for det som til no har heitt trusopplæring vart vedteke; og ved det vart det og vedteke at det no skal heite kyrkjeleg undervisning og ikkje trusopplæring. Klokt namneskifte, eit ord vi forstår meir kva tyder, spør de meg. Vi vil merke meir til denne planen etter kvart som meir detaljerte og lokale planar skal gjennomarbeidast. Til dess held vi fram med det vi driv med no, og vi kan vera stolte av det arbeidet vi har for born og unge. Og på den store oppslutninga om tiltaka, verkar det som foreldre og ungar er einige med meg i det.

Kyrkja og kyrkjedemokratiet er stadig i utvikling, og sokneråda som er mykje eldre enn Kyrkjemøtet, skal få meir å seie for korleis vi driv kyrkja. Eit omfattande strategiarbeid er no i gang her i Øystre, og ikkje berre råda, men og alle som vil, kan kome med innspel til dette.



Korleis vil de ha kyrkja dykkar? Svar på spørsmåla Fellesrådet stiller i dette bladet. Vi vil verkeleg ha innspel. Det er alle dykk vi er til for, og byr vi på heilt andre ting, og på heilt andre måtar enn de ynskjer, er det verd å ta omsyn til. Men gi også gjerne ros for det de er fornøgdde med. Får vi ikkje høyre dei stemmene, kan vi risikere å stake ut ein ny kurs, sjølv om de ynskjer at vi skal halde fram som vi stevner.

*Mens vi ventar på guds-teneste i Nidarosdomen
 Foto: Eli Vatn*



Kan vi leke oss ut av klimakrisen?

AV: SOLVEIG VATN WEISSER

FOTO: PRIVAT - Prest Solveig er no i permisjon med mest fokus på Astrid Louise.

Kan vi leke oss ut av klimakrisen? Kanskje ikke, men jeg tror det å ha det gøy og å leke er noe helt essensielt ved livet, og at det også trengs for å skulle komme ut av klimakrisen med livslysten i behold.

Latteren forsvinner og vi blir tomme og mismodige. Vi snakker om klimakrisen. Noen kobler helt av, andre tynges av dårlig samvittighet og noen har lært at sorgfulle ansiktsuttrykk er passende i disse situasjonene. Men hvorfor er det ikke interessant med endringene i klimaet? Hvorfor er det ikke utfordrende på en givende måte?

Catherine Price, amerikansk journalist og forfatter, gjenkjenner at folk har det gøy når de 1) er lekne og ikke tar verden for seriøst, 2) interagerer med andre mennesker og 3) er i flytsonen hvor de er så oppslukte av noe at tiden forsvinner. Det å ha det gøy skjer helt spontant, og er ikke noe vi kan bestemme oss for. Men vi kan legge til rette ved å skape arenaer for lekenhet, hvor mennesker møtes og hvor man får en oppgave eller et oppdrag som oppsluker.

Som beskrevet over, opplever jeg at mange kobler seg av når samtalen dreier mot klimautfordringer. Kanskje er det følelsen av at vi blir stående alene, eller at det ikke er rom for å leke og å tenke fritt? Det å ha det gøy snur ikke skuta av seg selv. Derimot kan det å ha det gøy koble mennesker på, slik at det blir nok mannskap til å snu skuta.

Jeg tror brukt-mote er en måte å ha det gøy på i møte med klimakrisen. Reglene er satt. Vi kan ikke fortsette å produsere og kaste på samme måte som tidligere. Men... Det betyr ikke at det lekne og luksuriøse skal forsvinne. Man har heller funnet en annen måte å la det estetiske få utvikle seg på. Det samme gjelder for luksusmat fra lokale råvarer. Vi skal ikke slutte å lage god mat, men vi leter etter potensialet i maten som vokser her.

Selv har jeg interessert meg for og lekt meg med bibeltekster. For der hvor jeg tidligere lette etter samsvar og klare tankesett og verdier, opplever jeg nå at det er en dialog som foregår mellom tekstene.

I den første skapelsesberetningen skal menneskene råde over fuglene, fiskene og dyrene, men det står ingen ting om at vi skal spise dem. I paktens som Gud inngår med Noah refererer Gud til den første skapelsesberetningen og sier: «Som jeg ga dere de grønne plantene, gir jeg dere nå alt dette [alle dyr på jorden, i himmelen og i havet].» Til slutt blar jeg opp i Jobs bok og leser Guds tale hvor menneskets plass blant annet er som del av ørneungenes matfat (Job 39:33). Gud endrer spillereglene og er ikke redd for å tenke nytt.

Tør vi som kirke og forkynnere å gå inn i ulike verdisset, og å skape rom hvor mennesker med motstridende verdier og ønsker kommer i spill? Kanskje kan vi ha det gøy, skape noe nytt, og komme ut av klimakrisen med livslysten i behold.



KYRKJELEGE HANDLINGAR
MARS 2024-MAI 2024

<p>DÅP ROGNE Even Kruke Hermundstad</p> <p>VOLBU Sølve Melbye Ronja Myrheim</p> <p>HEGGE Alice Zaporozhets Lucas Huset-Olsen Oliver Opheim Rogne</p>	<p>GRAVFERD ROGNE Sverre Rolandsgard Ove Arne Bolstadbråten Marit Rudi</p> <p>LIDAR Erik Grønolen Marit Synnøve Opheim Østli</p> <p>VOLBU Laila Synnøve Berg John Erik Trandokken Marit Skeie Windingstad</p>	<p>VIGSEL HEGGE Pernille Ursin Rein og Henrik Biørnstad</p>
--	---	--

Korleis forvaltar vi kyrkja sine verdjar?

Korleis forvaltar vi kyrkja sine verdjar? Kyrkja forvaltar store og viktige verdjar i samfunnet vårt. No spør fellestrådet og sokneråda korleis DU synest dei skal forvaltast. Vi har teke denne verddivandringa med fingrane på tastaturet og spurt ei kvinne og ein mann på førehand. Les og kjenn etter kva du sjølv meiner og svar på spørjeundersøkinga i bladet.



Frivillig engasjement. Foto: Eli Vatn

1. Kva slags kyrkje ynskjer du/tenkjer du at Øystre Slidre treng?

M: Vanskelig spørsmål, men jeg er for en kirke som er aktiv med ting som lokalsamfunnet kan samles om i kirkerommet. Dere er aktive, men kanskje synliggjøre det mer og bruke sosiale plattformer som unge og voksne er på. K: Øystre Slidre trenger ei kirke der vi som bor her føler tilhørighet, det er "min kirke". Slik føler jeg det med Volbu kyrkje. Et sted der en går både i sorg og glede, der alle kan føle seg inkludert. Nå har nesten alle gudstjenestene nattverd. Der har jeg lenge følt det sånn at vi som kommer dit blir delt i to: "de personlig kristne" og "vanlige mer og mindre kristne". Det er ikke særlig oppbyggelig, selv om en skal stå for det en tror på. Det blir vanskelig mange ganger. Jeg vil ikke ha nattverd i alle gudstjenester, nå er det jo til og med i julegudstjenester.

Jeg synes det skjer mye positivt for barn, unge og voksne i kirkene her hos oss!

A OPEN KYRKJE OG FRIVILLIG ENGASJEMENT

2. Ynskjer du/treng vi at det alltid finst ei kyrkje som er open og ein kan gå inn i for ei stille stund?

M: Jeg er for en kirke hvor en kan komme inn døren i mesteparten av døgnet. Særlig alene og selvfølgelig at det også er noen der til oppsatte tider hvis en ønsker å ha noen å snakke med. Kanskje en kirkekaffe på daglig basis i en eller annen form. Ensomhet er den største sykdommen i Norge, og jeg har tro på at kirken kan hjelpe mange her.

K: Hvis det skal være åpne kirker, må det være noen som passer på. I disse tider hvor det skjer mye som ikke er bra, er det uforsvarlig at kirkene står ulåste. Kirkene har mange skatter som ikke må bli borte, det kan friste værlige sjeler. Når det er triste hendelser i soknet/bygda er det viktig at kirken er åpen, slik at en kan gå inn til ei stille stund eller for å søke fellesskap.

3. Ynskjer du/treng vi at folk blir vist tillit og kan engasjere seg i oppgaver i kyrkja?

M: Hvis folk blir gitt ansvar, så kan de ikke unngå å ta ansvar. Jeg er for å gi folk tillit (ikke makt altså) slik at de kan gjøre oppgaver som blir gitt av kirken. Viktig at det ikke blir anarki.

K: At folk kan engasjere seg er viktig, det skaper tilhørighet og er en stor verdi.

4. Ynskjer du konsertar eller andre kulturarrangement i kyrkja?

M: Jeg er veldig for at kirken i langt større grad blir brukt til konserter (ikke bare julekonserter) og flere kulturarrangementer.

K: Konserter og kulturarrangement: Ja! Det har vi hatt mange av, det er kjempeflott!

B GUDSTENESTER OG FORMIDLING

5. Ynskjer du/treng vi at det skal vera mogleg å døype ungar minst ein gong i månaden i ditt sokn?

M: Jeg har ikke noen spesiell formening her, men at det er mulighet for dåp en gang i måneden høres riktig ut for meg.

K: Å ha dåp hver måned som en regel: Nei, dette må kunne være etter behov. Det er ikke så altfor mange som blir født inn i bygda vår.

6. Ynskjer du/treng vi at kyrkja skal vera samfunnsbevisst og gje etiske utfordringar i ulike situasjonar, lokalpolitisk eller på større tema som verdas naud og omsorg for naturen?

M: Jeg er veldig for at kirken IKKE skal ha noe som helst fokus på lokalpolitiske ting etc. Bli bare bråk ut av det, og det klarer politikerne selv å rote til. Huttemegtu, altså. (Smiler godt nå.)

K: Kirken bør ikke være politiserende, men bør kunne ta opp tema som nøden i verden og det å ta vare på naturen. At flyktningene i bygda kan komme i kirken og ha sine kulturinnslag, synge nasjonalsangen sin: Ja, det er flott! Det skaper integrering!

7. Ynskjer du/treng vi at det er tilbod om bibelgrupper/kristendomskurs for vaksne, eller meir opne samtaleforum?

M: Jeg er veldig for det, og å gjøre det slik at det oppfattes som et lavterskeltilbud.

K: Samtalegrupper om ulike tema er fint. Kurs blir kanskje for høytidelig?

8. Ynskjer du/treng vi at born skal få opplæring i dei kristne verdiane, kulturarven og truspraksis?

M: Jeg er definitivt for det. Jeg synes samfunnet og kirken er for svake når det gjelder å ta vare på vår egen kulturarv, bli bedre (mye bedre) til å ta vare på kristne verdier og tro i praksis. Særlig med tanke på at andre religioner blir mer og mer opptatt av det, og som jeg føler går på bekostning av vår barnetro (og dermed basta.)

K: For noen år siden var det samlinger for barn, med sang, fortellinger og musikk i Volbu kyrkje. Det var trivelig! Før i verden var det jo søndagsskole hvor (nesten) alle barn møtte!



FOTO: MARIANNE STRAUM

C VED KRISER

9. Ynskjer du/treng vi at gravferd skal skje frå folks soknekyrkje?

M: Ikke noen sterk oppfatning, men det høres riktig ut at gravferden skjer fra "sin" egen soknekirke

K: Ei kristen gravferd bør skje fra den soknekirken en hører til.

10. Ynskjer du å kvile i korleis ting er til vanleg, eller vil du setje ditt eige preg på ei eventuell gravferd for nokon du har mist?

M: En kombo er fornuftig her.

K: Det må være mulig å sette sitt personlige preg på den med høvelig sang og musikk.

Grendahuset f.eks. kan brukes når en ikke vil ha ei kristen gravferd, det kan være veldig fint.

11. Ynskjer du/treng vi at kyrkja er der ved kriser i livet med prest å samtale med, med opne kyrkjer/minnestund? Eller anna tilbod?

M: Jeg mener at ved kriser så har presten og kirken en svært viktig oppgave med å være til stede, hjelpe og ha kirkerommet som et samlingssted og dermed basta.

K: Ved kriser er det fint at det er samling med prest, kateket og andre som kan være til god hjelp. Også samtalemuligheter i etterkant kan være et veldig godt tilbud.

12. Synes du det er andre enn presten som skal melde om nokon brått er død i familien?

M: Jeg synes definitivt at presten er den rette personen her.

K: Ved plutselige dødsfall/ulykker er det naturlig at det er presten som kommer med budskapet.

13. Korleis skal ein kyrkjegard vera?

M: Jeg har ikke tenkt så mye på det, men synes norske kirkegårder er flotte og viktig at de holdes i orden. Mener det generelt er meget bra rundt forbi. Jeg finner ofte roen av å vandre på en kirkegård. Jo eldre den er jo flottere, synes jeg.

K: En kirkegård skal være ryddig og fin! Gravene må holdes i orden og være velstelte!

Tusen takk for at de delte tankane dykkar om kyrkja med oss alle. - Eli

MIN SALME



Denne salmen har festa seg i tankar og sinn. Besteforeldra mine på Fagernes var så glade i denne. Bestemor sang han og bestefar syntest at han var så fin.

Eg har kunna salmen sidan eg var lita. Han får fram gode og trygge barndomsminne. Og han får meg til å tenkje på dei eg har hatt i livet mitt som er borte, og eg minnest dei med takknemligheit og kjærlegheit.

God sommar!

- Wenche Melbybråten

Jesus, den eneste

Jesus, det eneste Helligste, reneeste Navn som på menneskelepper er lagt Fylde av herlighet Fylde av kjærlighet Fylde av nåde og sannhet og makt

Motganger møter meg Aldri du støter meg Bort fra din hellige, mektige favn Mennesker glemmer meg Herre, du gjemmer meg Trygt ved ditt hjerte og nevner mitt navn

Du er den eneste Helligste, reneeste Gi meg ditt rene og hellige sinn Frels meg fra farene Fri meg fra snarene Ta meg til sist i din herlighet inn

Salme av Ole Theodor Moe, Norsk salmebok nr. 422



Dugnad ved Hegge. Foto: Ole Martin Alfstad



Dugnad ved Hegge. Foto: Ole Martin Alfstad



Store og små hjelper til i Rogne. Foto: Marit Hegde

Dugnadstid på kyrkjegardane

TEKST: MARIT HEGDE

Våren er ei fin tid. Naturen vaknar i all si frodigheit, det er mykje å gleda seg over!

Det er tid for dugnad på kyrkjegardane, og det er fint å sjå korleis folk gler seg over å få vera med å gjere det fint rundt kyrkjene, der vi kan gå i stillheit og tenkje på dei kjære som ligg der.

Folk stiller opp i hopetal når det er dugnad. Nokon kjem fleire dagar i forvegen og tek riva fatt.

På dugnadsdagen kjem dei fyrste tidleg på dagen, og om det blæs friskt så blada fyk sine egne vegar, gjer det ingen ting. Det er berre å raka ein gong til! Ikkje eit blad slepp unna!

Både unge og eldre stiller opp, og med rive, trillebår og traktor med skuffe går det unna. Det blir så fint!

Alle har godt humør og er einige om at ein slik dugnadskveld er både sosial og hyggeleg. Etter arbeidet stiller sokneråda med kaffe og biteti av fleire slag. Praten går livleg rundt borda!

Vi er heldige som får vera med å gjera det fint rundt kyrkjene våre om våren.

Vi håpar at dugnadsånden får vere levande også i åra som kjem, det er ein viktig del av den norske kulturen!

Takk for innsatsen til alle som deltek!



Ein pust i bakken. Dugnad ved Lidar kyrkje. Foto Sissel Dahle Lie



Volbu: Nye vindskier og måling blir fint på bårhuset.



Og høve til ein god prat over gjerdet. FOTO BEGGE BILETE: Eli Vatn



Dugnad ved Lidar kyrkje. Foto: Sissel Dahle Lie



Kaffi og biteti i Rogne kyrkjestogo etter endt arbeid. Foto: Marit Hegde



Tårnagenthelg i Volbu - Foto: Stine Marie Hillestad Sollie

TÅRNAGENTHELG


I VOLBU KYRKJE 4. OG 5. MAI
&
BIBELUTDELING
LIDAR SKULE 19. MARS OG I VOLBU 28. MAI

”

Takk for bidrag og god hjelp frå stab, konfirmantar og representantar frå soknerådet!



Tårnagenthelg i Volbu - Foto: Marianne Straum



Tårnagenthelg i Volbu - Foto: Eli Vatn



Bibelutdeling ved Lidar skule 19. mars - Foto: Sissel Dahle Lie



Bibelutdeling ved Lidar skule 19. mars - Foto: Sissel Dahle Lie



Bibelutdeling i Volbu 28. mai - Foto: Marianne Straum



Bibelutdeling i Volbu 28. mai - Foto: Marianne Straum

kulturminne i Øystre Slidre



Vi har gleda av at kultursjef i kommunen, Kari Onstad, vil dele viktige kulturminne med lesarane! Øystre Slidre kommune har no ferdigstilt si fyrste kulturminneplan. Det er eit stort mangfald av kulturminne og kulturmiljø i kommunen, som neste generasjonar skal ha glede og nytte av. Kulturminneplanen skal vere eit nyttig verktøy i å forvalte og formidle kunnskap om kulturminna våre.

LÆGER

I ØYSTRE SLIDRE har me noko me kalla læger. I tidlegare tider var det enkle husvære for arbeidskarar som kjøpte krøter på vår/ tidleg sommar og heldt dei gjennom sommaren før dei blei selde på hausten. Det var Rogne og Volbu soknekatte som leigde ut områda/husværa inne ved Fullsenn, helst til ein lokalmann/bygdemann, som då tok i mot utanbygdes fe. Det var eit bestemt tal med dyr dei hadde lov å ha med seg. Gjekk dei over dette talet eller utanom lægeret sitt område, måtte dei betala mulkt til «soknets fattigkasse».



Interiør i Kristensnlægeret Foto: Kolbein Dahle, Valdres Folkemuseum

VED FULLSENN har ein tre stølar som har blitt brukt som stølar, så læger og så tilbake til å vera stølar; Olægeret, Flakstadlægeret og Kristensnlægeret. Desse var stølsområda som gardar på Hedmarken leigde til sommarbeite. Stølsområda er difor kalla opp etter gardar frå Hedmarken (t.d. Oe og Flagstad frå Vang på Hedmarken). Omkring år 1910 vart det slutt på fjernsetring/å sende dyr til Valdres.

Områda ved Haldorbu og Bøllhaug blei også brukt som læger. Haldorbu er framleis fellesbeite. Ovanfor Bøllhaug er det ei slette som blir kalla marknadsplassen. Her kjøpte og selde dei fe. Dette vart så seint som på 1960-talet brukt som hestehamn.

Kristensnlægeret, her er det fjøs og sel i same bygning. FOTO: Øystre Slidre fjellstyre





Rogne kyrkjestogo Foto: Eli Vatn

Rogne kyrkjestogo

KORT HISTORIKK FOR ROGNE KYRKJESTOGO

TEKST: Martha Viken

I 2022 var det 20 år sidan Rogne kyrkjestogo stod ferdig til bruk og vart vigsla av biskop Rosemarie Køhn. Biskop Georg Hille tilrådde Rogne sokneråd på bispevisitasen i 1985 å arbeide for å få til ei kyrkjestogo i Rogne. Dette var det som fekk det heile i gang. I 1992 vart det danna ei stifting som skulle ta seg av bygginga og framdrifta. Denne fyrste stiftinga saman med plannemd og sokneråd gjorde eit bra arbeid. Dei fekk tømmer i prestegardsskogen, byggeløyve og mange andre naudsynte godkjenningar. I 1997 vart det vald ny stifting. Det var Sigrid Dokken, sekretær, Gudrun Myrvang, kasserar, og Knut Oddvar Rogne, leiar. Dei fekk i oppgåve å sluttfinansiere og realisere sjølve bygginga.

Dei sette seg tre mål for framdrifta:

1. Bygge ei kyrkjestogo som skulle fylle alle behov kyrkja og soknet hadde og alle krav som arbeidsmiljølova og dei tilsette hadde. Kyrkjestogo måtte ha eit moderne kloakk- og toalettanlegg, brannalarmsentral og høve til video-overføring frå kyrkja til kyrkjestogo med meir.
2. Kyrkjestogo måtte ha ein utsjånad som stod i stil med kyrkja fra 1800-talet. Tidlegare museumsbestyrar, Rolf Karlberg, ga dei gode råd om dette.
3. Med Rogne si skiferhistoie var det naturleg å bruke skifer på tak, golv og peis. I tillegg til alt dette skulle det ikkje takast opp lån og kyrkjestogo skulle vera gjeldfri.

Stiftinga søkte om tilskot fra Kyrkje- og utdanningsdepartementet og Den norske kyrkje. Med hjelp av rabattar og gode kjøp frå fleire lokale verksemdar, basasar, auksjonar og ofringar i kyrkja, let det seg gjera å bygge kyrkjestogo. Likevel var det viktigaste alt gratisarbeid både med bygging, muring og måling - og ikkje minst alle gåver fra bygdefolket i form av innbu, utstyr på kjøkken og måleri av Sigmund Årseth. Stiftinga greidde alle måla sine, og med stor eigeninnsats og pågangs-

mot kunne dei levere frå seg ei flott, framtidretta kyrkjestogo til soknet heilt gjeldfri og med pengar i tillegg. Knut Oddvar Rogne har samla alle referat, namn på alle som har gjort gratisarbeid og alle gåver i tillegg til fleire bilete. Denne permen skal etter kvart stå i kyrkjestogo som eit minne om alle gåver og alt arbeid som ligg bak.

VEGEN VIDARE FOR ROGNE KYRKJESTOGO

TEKST: Sokneprest Eli Vatn

I Rogne sokn skjer det mykje. Og mykje av dette skjer i kyrkjestogo. Bygget står der vakkert og skipar mest eit lite heimleg tun på parkeringsplassen ved Rogne kyrkje. Kyrkjestogo er svært nyttig for arbeidet i kyrkja vår. Her kjem mødrene og fedrane med babyane sine til baby-song, konfirmantar samlast annakvar tysdag, det vert sunge salmar ein måndag i månaden, ymse arrangement for born har skjedd her, og familiar og vener møtest til bursdags-, konfirmasjonslag eller minnesamvær.

Dette er eit bygg til stor glede og nytte, men også til hovudbry. Sjølv om kyrkjestogo er mykje brukt, dekkjer ikkje det drifts-kostnadane, og soknerådet som fekk kyrkjestogo i gåve for nokre år sidan, står no i den dramatiske økonomiske situasjon at vi har berre ca 40 000 kroner på bok, og eit underskot på ca 6-7 000 kroner kvart år. Etter fleire periodar i Rogne sokneråd veit eg at dette har vore eit hovudbry for sokneråda i mange periodar. Mykje dugnadsarbeid er lagt ned av alle dei som har teke si tårn i soknerådet på vegne av kyrkjemedlemmane i Rogne sokn.

Soknerådet vil difor med gode hjelparar halde ein god gamaldags basar til hausten. Der får ein høve til å møtast i bygda si, samt gje si støtte til drift av huset. Har du ein gevinst eller eit kulturelt innslag tek vi gjerne imot. Meir konkret om dato for basaren kjem!

Rogne kyrkjegard

TEKST: OVE EKEKBAKKE FOTO: MARIT HEGDE

Den første kyrkja i Rogne er første gong nemnd i 1327 i gamle rekneskapar frå katolsk tid. Dette var ei stavkyrkje. Kyrkja stod ikkje der ho står i dag. Ei undersøking i 1989 av tomte etter kyrkja på garden Kyrkjeberg konkluderte med at stavkyrkja truleg har stått der. Stavkyrkja vart om lag 1780 erstatta av ei ny kyrkje. Denne kan ha stått på same staden som våningshuset på garden Kyrkjeberg, der det er restar av planering for ein tidlegare bygning.

Rundt kyrkja var det kyrkjegard. Ifølgje lokal tradisjon stod kyrkja "øvt og nørdest på kyrkjegarden og rett inn for porten". Pløying på staden som har avdekkja både grunnmurar og beinrester, synest å stadfeste dette. Kyrkjegarden var liten og inngjerda med eit stakittgjerde.

Kyrkja synest likevel å ha vorte oppført på ein lite heldig stad, med bratt og fuktig grunn. I 1848 vart det gjeve løyve til å flytte kyrkja lenger sør. Dette var dels fordi kyrkja var for lita og fordi det var for mykje fukt i jorda der.

Den nye kyrkja vart bygd på grunnen til garden Hovrud. Planar om å byggje ei kyrkje vart første gong framsett i 1843, men først i 1847 vedtok formannskapet å rive den gamle kyrkja og byggje ei ny kyrkje ved Hovrud. Kyrkja vart oppført etter teikningar av arkitekt Chr. H. Grosch.

Ved parkeringsplassen på oversida av kyrkja ligg ein bygning med ein etasje og saltak som fungerer som kombinert bårhus og servicehus. Bygningen er teikna av arkitekt M. Røe og vart godkjent i 1967. Ytterveggene er pussa. Gavlane er av bindingsverk som utvendig er kledde med sulagt panel. Inn til bårhuset er det ei tofløya dør. Inngangen er dekkja ved at gavlen er trekt noko ut, understøtta av stolpar på kvar side. Taket er tekt med lappheller. Bårerommet har kvelva himling av tre.



Kyrkjegarden i Rogne

Rogne kyrkje har gravplass på alle sider av kyrkja, men det er flest på sørsida og nedanfor kyrkja. Rogne har den største gravplassen i Øystre Slidre.

Det er planlagt ei namnelund øvt på kyrkjegarden der det er for grunt for tradisjonelle kistegraver. Dette er berre i planleggingsstadiet enno.



VELKOMEN TIL KYRKJE!

FULLDISTRIBUSJON

Juni

23 06 2024 Hegge stavkyrkje kl. 13.00
Gudsteneste med dåp ved prost Carl Philip Weisser

30 06 2024 Rogne kyrkje kl. 19.30
Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

Juli

14 07 2024 Rogne sokn kl. 12.00
Stølsmesse og dåp. Brøstastølen på Lie hjå Elin Hovi og Bjørn Ivar Gunhildgard ved prost Carl Philip Weisser

21 07 2024 Hegge sokn kl. 12.00
Stølsmesse i Storeskag hjå Bodhild og Roar Aasen ved sokneprest Eli Vatn

28 07 2024 Volbu sokn kl. 12.00
Stølsmesse på Sørre Trøllåsen hjå Harald Moen ved sokneprest Eli Vatn

August

04 08 2024 Hegge stavkyrkje kl. 19.30
Gudsteneste ved vikarprest Vigdis Vevstad

18 08 2024 Lidar sokn kl. 12.00
Stølsmesse på Skindro hjå Jon Mørstad Flotve og Stine Mørstad Schlytter ved prost Carl Philip Weisser

25 08 2024 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse «Heilt fyrsteklasses gudsteneste» og dåp ved sokneprest Eli Vatn

25 08 2024 Lidar kyrkje kl. 13.00
Gudsteneste «Heilt fyrsteklasses gudsteneste» ved sokneprest Eli Vatn

31 08 2024 Volbu kyrkje kl. 11.00
Kyrkjeskipet Gudsteneste for 2-åringar ved sokneprest Eli Vatn m. fl.

September

01 09 2024 Volbu kyrkje kl. 11.00
Utsendingsgudsteneste med dåp ved sokneprest Eli Vatn
Pilegrimsvandring med konfirmantane langs Vindeåne til Hegge stavkyrkje kl. 17.00 Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

08 09 2024 Rogne kyrkje kl. 11.00
Høgmesse og gullkonfirmant treff ved sokneprest Eli Vatn

14 09 2024 Volbu kyrkje kl. 11.00
Kyrkjeskipet Gudsteneste for 2-åringar ved sokneprest Eli Vatn m. fl.

15 09 2024 Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

15 09 2024 Ø Slidre Helsetun kl. 16.30
Gudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

28 09 2024 Volbu kyrkje kl. 11.00
Kyrkjeskipet Gudsteneste for 2-åringar ved sokneprest Eli Vatn m. fl.

29 09 2024 Hegge stavkyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

Oktober

06 10 2024 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn.

Gullkonfirmanttreff

blir den 8. september i Rogne kyrkje kl. 11.00. Etter messa er det middag og festleg samvær i Rogne kyrkjestogo. Alle som vart konfirmerte i Rogne kyrkje 16. juni 1974 får eiga innbyding med påmelding.

Til deg som går i 9. klasse – har du tenkt på konfirmasjon?

Innskriving i Rogne kyrkje 27.08.2024 kl. 19.00.

Alle ungdomar er velkomne som konfirmantar. Er du ikkje døypt; ta kontakt med kyrkjekontoret.

Konfirmasjonsdatoar våren 2025 er 1. juni i Volbu og Rogne og 8. juni i Lidar og Hegge.

Fyrste samling blir 1. september i Volbu kyrkje kl. 10.00. Gudsteneste med pilegrimsvandring frå Volbu, langs Vindeåne til Hegge kyrkje med Gudsteneste kl. 17.00. Turen er for konfirmantar, føresette, fadrar og andre som vil vere med.

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

Babysong

27. august, 17. september, 1. oktober og 22. oktober 2024 i Rogne kyrkjestogo kl. 11.00-13.00.

Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.

Pusterom

Tysdag 3. september. Open kyrkje i Volbu frå kl. 18.00. Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30

Datoar for pusterom blir kunngjort i gudstenestelista i avisa Valdres, heimesida og Facebooksida til kyrkja.

Salmekveld

Salmekveldar i Rogne kyrkjestogo 26. august, 23. september og 21. oktober.

www.skjerikirken.no - Dette er ei felles infoside om alt som skjer i kyrkja.

KYRKJA SI HEIMESIDE: www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK. /Kyrkja-i-Øystre-Slidre

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.

Heilt Fyrste-klasses.

– utdeling av 6-årsbok!

Blir du 6 år i år?

Då er du hjarteleg velkomen til å få 6-årsbok den 25. august. Rogne kyrkje kl. 11.00 for dei på Rogne skule og Lidar kyrkje kl. 13.00 for dei på Lidar skule. Her vil du få utdelt 6-årsbok, ei bok om Bo og Nora, med både teikneseriar og bibelforteljingar. Vi feirer skulestarten din med ei heilt fyrsteklasses gudsteneste.

Er du medlem i Den norske kyrkja har vi adresse og du vil få eigen invitasjon. Om ikkje er du likevel hjarteleg velkomen, men vi når deg ikkje på anna måte enn her.